

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**  
**nr. 35/2014**

035-2014n

**av 8. april 2014**

**om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”EØS-avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsdirektiv 2012/1/EU av 6. januar 2012 om endring av vedlegg I til rådsdirektiv 66/402/EØF med omsyn til kva vilkår som avlingar av *Oryza sativa* skal oppfylle<sup>(1)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonens gjennomføringsdirektiv 2013/57/EF av 20. november 2013 om endring av direktiv 2003/90/EF og 2003/91/EF om fastsetjing av gjennomføringstiltak for høvesvis artikkel 7 i rådsdirektiv 2002/53/EF og artikkel 7 i rådsdirektiv 2002/55/EF med omsyn til kva eigenskapar som minst skal omfattast av og kva minstekrav som skal gjelde for gransking av visse sortar av jordbruksvekstar og grønsaker<sup>(2)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Denne avgjerda gjeld føresegner om plantesanitære tilhøve. Føresegner om plantesanitære tilhøve skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 4) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I kapittel III i vedlegg I til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 3 (rådsdirektiv 66/402/EØF) skal nytt strekpunkt lyde:  
”– **32012 L 0001**: Kommisjonens gjennomføringsdirektiv 2012/1/EU av 6. januar 2012 (EUT L 4 av 7.1.2012, s. 8).”
2. I nr. 14 (kommisjonsdirektiv 2003/90/EF) og 15 (kommisjonsdirektiv 2003/91/EF) skal nytt strekpunkt lyde:  
”– **32013 L 0057**: Kommisjonens gjennomføringsdirektiv 2013/57/EF av 20. november 2013 (EUT L 312 av 21.11.2013, s. 38).”

*Artikkel 2*

Teksta til gjennomføringsdirektiv 2012/1/EU og 2013/57/EU på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 9. april 2014, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(\*).

<sup>(1)</sup> TEU L 4 av 7.1.2012, s. 8.

<sup>(2)</sup> TEU L 312 av 21.11.2013, s. 38.

(\*). Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

*Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfërda i Brussel 8. april 2014.

For EØS-komiteen

***Gianluca Grippa***

Formann